



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Olav Overvoll, 5557 2315

Godkjenning av forvaltningsplan for gås i Kvinnherad kommune

Statsforvaltaren godkjenner *Forvaltningsplan for gås i Kvinnherad kommune 2025 – 2029*

Vi viser til brev frå Kvinnherad kommune av 27.06.2025, med oversending av kommunal forvaltningsplan for grågås for perioden 2025-2029, og søknad om lokal forskrift om tidleg jaktstart på grågås og utvida periode for egganking. Kommunestyret i Kvinnherad gjorde den 19.06.2025 vedtak om at *Forvaltningsplan for gås i Kvinnherad* skal leggast til grunn for Kvinnherad kommune si forvaltning av gås.

Forvaltningsplanen

Jf. nasjonale retningslinjer, skal det faglege innhaldet i lokale forvaltningsplanar for gjess godkjennast av Statsforvaltaren.

Etablering av såkalla friområde er trekt fram som eit viktig avbøtande tiltak i gåseforvaltninga. Tanken er at det lokalt skal etablerast eit nettverk av friområde der gjessene skal få beite i fred. I friområda skal det ikkje vere tillate å drive tidlegjakt, skadefelling eller andre skremmetiltak. Friområda skal fungere som optimale beiteområde for grågås ved hekking og oppfostring av ungar, og dessutan hindre at gjessene startar tidlegare hausttrekk på grunn av tidlegjakt.

Det er ikkje avsett friområde i Kvinnherad. Forvaltningsplanen trekkjer fram ein kombinasjon av skremmeområde og friområde som ein viktig strategi, men peikar samtidig på at dette truleg ikkje er like enkelt å gjennomføre i alle område.

Vi erkjenner at etablering av eit nettverk av friområde er krevjande. Det føreset samarbeid mellom grunneigarar, mellom grunneigarar og kommunen, og at nokre grunneigarar er villige til å sette av areal med eng der gjessene kan få beite i fred. Ein bør forsøke å etablere friområde spreidd i kommunen, i nærleiken av område som er attraktive for gjessene i dag. Å definere store delar av kommunen som i dag har lite beiteskadar frå gås, som friområde, har truleg lite for seg. Friområda må vere lokale, og relativt nært knytt til område med beiteproblematikk. Dei må òg vere store nok til at gjessene kjenner seg trygge. Vi oppfordrar derfor kommunen til å arbeide vidare med etablering av friområde i nærleiken av problemområda. Ein bør vurdere å stimulere til etablering av friområde gjennom SMIL-ordninga.



Elles har vi ikkje merknader til det faglege innhaldet i forvaltingsplanen. Grågåsbstanden er i stadig utvikling, og vi håper at kommunen følgjer opp med jamlege teljingar av både hekkande og ikkje-hekkande gjess, og av beitande gjess på innmark, for til ei kvar tid å ha eit best mogleg oppdatert grunnlag for forvaltinga.

Lokal forskrift om tidleg jaktstart og utvida periode for eggsanking

Kommunen ber statsforvaltaren om å vedta forskrift om tidleg jaktstart for grågåss og utvida periode for eggsanking. Vi er innstilt på å framskande jaktstart i Kvinnherad med 20 dagar i forhold til ordinær jaktstart, dvs. at jakta kan starte den 21.07, og utvida periode for eggsanking fram til og med 25. april. Ordlyden vil bli identisk med tilsvarande forskrifta for Bjørnafjorden og Tysnes kommunar (sjå lovdata).

Før vi kan vedta ei slik forskrift, må den ut på høyring til aktuelle interesseorganisasjonar. Fristen for uttale ved slike høyringar er minst tre veker, så derfor er det ikkje mogleg å få forskrifta klar til årets jaktstart. Statsforvaltaren kan ta ansvar for å sende forskrifta til høyring med mindre kommunen har ønskje om å gjere dette sjølv.

Med helsing

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent